

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 05/2025 | **Klokkeslett:** 09.05- 11.30 | **Dato:** 29.09.2025

Møtestad: Askøy kommune, Kommunestyresalen

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 30.09.2025

	Namn	Part
Møtedeltakarar	Ove Myrvåg	Direktør, Vegdirektoratet, fungerande leiar i styringsgruppa
	Malin Bismo Lerudsmoen	Statens vegvesen
	Jon Askeland	Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune
	Tone Oppedal	Statens vegvesen
	Nina Bognøy	Ordførar, Alver kommune
	Yngve Fosse	Ordførar, Askøy kommune
	Tom Georg Indrevik	Ordførar, Øygarden kommune
	Terje Søviknes	Ordførar, Bjørnafjorden kommune
	Eivind Nævdal-Bolstad	Byråd, Bergen kommune
	Sarah Skouen	Fungerande seksjonsleiar, Statsforvaltaren i Vestland
Andre	Solveig Paule	Avdelingsdirektør, Jernbanedirektoratet
	Christian Fredrik Fotland	Alver kommune
	Ørjan Raknes Forthun	Askøy kommune
	Tor Corneliussen	Bergen kommune
	Roald Aandahl	Bergen kommune
	Sondre Hillestad	Bergen kommune
	John Martin Jacobsen	Vestland fylkeskommune
	Stian Skår Ludvigsen	Vestland fylkeskommune
	Torill Klinker	Vestland fylkeskommune
	Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
	Anne Iren Fagerbakke	Vestland fylkeskommune
	Nils Magne Slinde	Statens vegvesen
	Kristian Hella Bauge	Statens vegvesen
	Kari Gåsemyr	Sekretariatet i Miljøløftet (sekretariatsleiar)
	Synnøve Vilsvik	Sekretariatet i Miljøløftet
	Anders Kjetland	Sekretariatet i Miljøløftet
	Kristina Vikesund	Sekretariatet i Miljøløftet
	Erlend Otterå	Sekretariatet i Miljøløftet

Innhold

Saksliste byvekstavgiften Bergensområdet	3
Sak 48/25 Godkjenning av innkalling og sakliste	3
Sak 49/25 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 13.06.2025	3
Sak 50/25 Byutgreiinga 2025 for Bergensområdet – Milepæl 4.....	3
Sak 51/25 Utgreiing av deling av sone A.....	3
Sak 52/25 Finansiering av straksinnløyising sykkelveg	4
Sak 53/25 Trolleybusstilbodet i Bergen etter utløp av rutepakke Bergen sentrum.....	4
Sak 54/25 Partane har vedteke handlingsprogrammet til Miljøløftet.....	4
Sak 55/25 Orientering om misbruk av samkøyring.....	5
Sak 56/25 Dette skjer i Miljøløftet	5
Sak 57/25 Eventuelt, byvekstavgiften	5
Saksliste bypakke Bergen	5

Saksliste byvekstavtalen Bergensområdet

Sak 48/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjende.

Sak 49/25 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 13.06.2025

Vedtak: Vedlagt referat er godkjend.

Sak 50/25 Byutgreiinga 2025 for Bergensområdet – Milepæl 4

Tor-Erik Jule Lian og Kristian Hella Bauge, Statens vegvesen, orienterte om status for arbeidet med byutgreiinga. Byutgreiinga vil vere kunnskapsgrunnlag for reforhandling av byvekstavtalen. Den skal vise ulike måtar vi kan nå nullvekstmålet på, men gir ikkje anbefalingar.

Endeleg utkast til byutgreiing vil truleg først vere klar i november 2025. I møtet blei det frå partane bedt om at høyringsfrist for byutgreiingar først blir sett til utgangen av februar 2026.

I drøftinga knytt til saka blei det stadfesta at byutgreiinga sine berekningar knytt til kollektiv, tek utgangspunkt i prisane og sonestrukturen som er gjeldande i dag.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 51/25 Utgreiing av deling av sone A

Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune, orienterte om saka. I orienteringa understrekte Fagerbakke at saka ikkje er handsama internt i fylkeskommunen. Det er derfor ikkje er bestemt om forslaget om å endre sonestruktur for sone A vil bli lagt fram for politisk behandling. Saka blei lagt fram for styringsgruppa i Miljøløftet for eventuell uttale.

Forslaget gjaldt endring av sonestrukturen slik at sone A i hovudsak vil følgje kommunegrensene, og at sonekryssingar vil medføre 50 prosent takstauke ved ei sonekryssing og 100 prosent takstauke for etterfølgande sonekryssingar. I utgreiinga ble det vist til at ei slik endring av sonestrukturen vil kunne få negative konsekvensar for nullvekstmålet.

I drøftinga av saka blei det peika på fleire utfordringar knytt til forslaget:

- Forslag som inneber takstauke for mange fordi dei må krysse kommunegrenser, er utfordrande før forhandling av ny byvekstavtale.
- Innsparinga på kort sikt for fylkeskommunen er låg, samanlikna med beløpa som elles blir nytta i Miljøløftet for å nå nullvekstmålet.
- Det kan vere krevjande å argumentere for at det er rettferdig at dei som reiser kort skal betale like mykje som dei som reiser langt. Det blei samtidig stilt spørsmål ved om det framleis er slik at reiser i Bergen er med å finansiere reiser i distrikta etter at det er gjort store investeringar i bybanen (kostnader per passasjerkilometer).
- Det er behov for forslag som også vurderer avstandsbaserte løysingar for å tilpasse takst i høve til reiseavstand. Det blei vist til at slik teknologi blir nytta i andre land.

Fylkesadministrasjonen opplyste at avstandsbaserte løysingar og ny teknologi blir vurdert kontinuerleg, og at fylkeskommunen deltek i nasjonalt samarbeid knytt til dette. Avstandsbaserte løysingar er likevel ikkje klare til å bli vurderte for bruk allereie frå 2026.

Det blei elles vist til at det er behov for ei auke i kollektivtilbodet dersom ein skal lukkast i byvekstavtalen. Etterspørselen etter tilbod er stor og krevjande å følgje opp, medan kostnadene til fylkeskommunen har auka i større grad enn inntektene. Etter drøfting av ulike vedtaksformuleringar blei styringsgruppa samde om vedtaket under:

Vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet opplever ikkje at utgreiinga svarer på fylkestinget sitt vedtak i samband med budsjett 2025, kor dei vedtok «Føresetnaden [for ei sone]endring er at endring tek omsyn til nullvekstmålet, byvekstavtaleområdet og dei store befolkningstette områda rundt Bergen kommune».

Ein viktig premiss for endringar i sonestrukturen må vere at den tek omsyn til nullvekstmålet, byvekstavtaleområdet og dei store befolkningstette områda rundt Bergen kommune.

Styringsgruppa for Miljøløftet meiner derfor at saka bør utgreiast vidare med ulike alternativ, for å sikre at endringane i sum bidreg til å styrke kollektivtilbodet og få fleire over på kollektivtransport.

Styringsgruppa anbefaler derfor at ein arbeider vidare med ulike modellar med mål om å auke delen som reiser kollektivt der potensialet er størst, sikrar rettferdig prising som gjenspeglar driftskostnadar og ikkje vesentleg aukar trafikken til Bergen.

Sak 52/25 Finansiering av straksinnløysing sykkelveg

Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune, orienterte om saka. Eivind Nævdal-Bolstad, Bergen kommune, kommenterte at løysinga som var føreslått var god, men at det er behov for at tiltaket Klostergaten blir prioritert vidare og blir gjennomført.

Vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at Vestland fylkeskommune i 2026 nyttar inntil 21 mill. kr til straksinnløysing knytt til stamsykkelvegen på strekninga Eidsvåg – Åsane terminal. Dei fylkeskommunale midlane som i handlingsprogrammet er avsett til Klostergaten - gateopprusting vert redusert med 21 mill. kr i 2026 og omfordelt til straksinnløysing stamsykkelveg.

Tiltaket Klostergaten - gateopprusting får dermed utsett framdrift.

Sak 53/25 Trolleybusstilbodet i Bergen etter utløp av rutepakke Bergen sentrum.

Anne Iren Fagerbakke, Vestland fylkeskommune, orienterte om at det er lagt fram sak til politisk behandling i fylkeskommunen om styrt avvikling av trolleybusstilbodet i Bergen. Eivind Nævdal-Bolstad, Bergen kommune, støtta forslaget og understreka samtidig at det er viktig å få mest mogleg kollektivtilbod for pengane.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 54/25 Partane har vedteke handlingsprogrammet til Miljøløftet

Kari Gåsemyr, sekretariatet, orienterte om saka. Ho peika på at no som handlingsprogrammet er vedteke hos partane, vil det bli planlagt eit nytt politisk styringsgruppemøte. Tidspunkt vil bli avklart, men 10. november og 12. desember er

aktuelle datoar. Om partane har saker dei ønskjer å ta opp i politisk styringsgruppemøte, kan dette gjerne bli meldt til sekretariatet i Miljøløftet allereie no.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Dei lokale partane er sjølv ansvarlege for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram

Sak 55/25 Orientering om misbruk av samkøyring

Kari Gåsemyr, sekretariatet, orienterte om at avisene Vestnytt og Askøyværingen i sommar sette søkjelyset på misbruk av samkøyringsappen Nabogo på Askøy og i Øygarden. Ho la vekt på at saka blei løfta fram fordi den er viktig av omsyn til omdøme. Omfanget av misbruk av ordninga viste seg etter nærare undersøkingar å vere lågt, og det er sett i verk tiltak for å hindre vidare misbruk.

I drøftinga av saka blei det vist til at ordninga er populær og har gode resultat. Erfaringa er at utfordringane blei løyst på ein god måte og i god dialog med både partane i Miljøløftet og med samkøyringsaktøren Nabogo.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 56/25 Dette skjer i Miljøløftet

Anders Kjetland, sekretariatet, orienterte om gjennomførte og planlagde opningar av prosjekt i Miljøløftet, og om Mobilitetsveka som nyleg er gjennomført.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 57/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Kari Gåsemyr, sekretariatet, orienterte kort om to saker:

- 1) **Programmet for politisk seminar 17. oktober.** Partane blei oppmoda til å invitere til deltaking på seminaret. Styringsgruppa blei informert om at dei er inviterte til å halde innlegg i inntil tre minutt om det dei meiner blir dei to viktigaste fokusområda i den nye avtalen.
- 2) **Kort orientering om høyring knytt til areal- og parkeringsindikatorar.** Arbeidsgruppe nedsett av Samferdselsdepartementet har utarbeidd høyringsdokumentet *Indikatorer for arealbruk og parkering i byvekstavtalene*. Dokumentet vil snarleg bli sendt vidare til partane for innspel/uttale. Sekretariatet vil samanfatte innspela og legge fram sak for prioriteringsrådet 28. november 2025

Saksliste bypakke Bergen

Ingen saker meldt.